

**Protokoll: Årsmøte i Seniornett Førde**  
**6. mars 2014**  
**Møtestad: Brunosten**

**SAKSLISTE**

**Sak 0: Opning av årsmøte 2014 ved leiar Sidsel Gråberg**

18 oppmøtte og vart yngst velkommen.

**Sak 2: Val av møteleiar**

Magnus Hope vart vald

**Sak 3: Val av skrivar**

Bjørg J. Helle

**Sak 4: Val av to medlemmer til å skrive under møteboka saman med møteleiar**

Solveig Grinde Opseth og Sigmund Jonstad vart vald

**Sak 5: Styrets Årsmelding for 2013**

Leiaren gjekk gjennom årsmeldinga. Det kom ingen merknader og årsmeldinga vart godkjent.

**Sak 6: Rekneskap og revisjonsmelding**

Rekneskapet viser eit overskot på kr 20 993,10. Bokført kapital (bankinnskot) er kr 32 913,28. Til rekneskapet vart knytt merknad om at m.a. godtgjerdsle til tillitsvalde ikkje er betalt for 2013, og vil komme som ei utgift i rekneskapet for 2014.

Rekneskapet vart einstemmig godkjent.

**Sak 7: Fastsetje lokal kontingent Seniornett Førde for 2014**

Forslag: kr. 300.- (som før) VEDTAK: samrøystes godkjent

**Sak 8: Handlingsplan for 2014**

I tillegg til forslaget frå styret kom følgjande moment fram:

- Merking av golfkuler osv. Lage system på data og kopiere ut på merkelappar med lim på baksida.
- Utfylling av offentlige skjema (for eksempel søknad på omsorgs-boligar, kontrollere sjølvmelding)
- Opplæring på nettbrett (må være 8 personar for å starte kurs)
- Repetisjon av stoff vi har gått gjennom
- Gå gjennom geologiske kart
- Komme inn på nett når ein er i utlandet for å ta kontakt med heimlandet
- Komme inn på nett når ein er i utlandet for å bestille nytt hotell og lage reiserute og tidsskjema
- Lage planar over tema ein skal gå gjennom haust/vår, (+/-)
- Lære å skrive referat

**Sak 9: Kompensasjon til instruktørar sine utlegg 2014**

Forslag: Kr. 10.000,00 til kvar av instruktørane per år

**Vedtak:** samstemmig godkjent, men må finne gode ordningar i forhold til skatte-myndigheitene

**Sak 10: Kompensasjon til styremedlemmer og vara som møter fast sine utlegg 2014**

Forslag: Kr. 200.- til kvar person i styret og vara per år

**Vedtak:** samstemmig godkjent, men må finne gode ordningar i forhold til skatte-myndigheitene

**Sak 11: Budsjet for 2014**

Til budsjettet som var oppsett kom det ein del merknader og forslag til endringar. Etter endringane vart budsjettet for 2014 samstemmig vedtatt, og ser slik ut:

<b>Budsjett 2014</b>		
	<b>Inntekter</b>	<b>Utgifter</b>
Medlemskontingent	18 000,00	
Kursavgift	7 000,00	
Kaffipengar	14 000,00	
Tilskot	10 000,00	
Finansinntekter (renter)	0,00	
Godtgjersle til instruktørar for utlegg		20 000,00
Servering		4 500,00
Utstyr		10 000,00
Annonser, porto		2 000,00
Godtgjersle til tillitsvalde		800,00
Reiseutgifter		8 000,00
Andre utgifter		3 700,00
Finanskostnader (bankgebyr)		0,00
<b>Sum</b>	<b>49 000,00</b>	<b>49 000,00</b>

**Sak 12: Endring av Vedtekter til Seniornett Førde frå 2013.**

Styret la fram forslag til endring av fleire §§ i vedtektene. Det kom ein del merknader og forslag til justeringar i det framlagde forslaget, også ein merknad om litt «språkleg oppstramming» av teksta. Det justerte forslaget vart samstemmig vedtatt. Sjå eige fil for endra vedtekter.

**Sak 13: Val av utsendingar til Seniornett Norge sitt Landsmøtet 9. mai 2014 på Thon Hotell Vika Atrium i Oslo.**

Forslag frå styret: Monrad Kolstad, Bjørg J. Helle.

Forslag frå årsmøtet: Styret får fullmakt til å plukke ut ein vara.

**Vedtak:** Samstemmig godkjent

**Sak 14: Val**

**Framlegg frå valnemnda:**

**Styreleiar:**

Sidsel Gråberg

attval for 1 år

<b>Styremedlemmer:</b>	Leon Årset	ny (2 år)
	Björg J. Helle	(ikkje på val)
<b>Varamedlem:</b>	Hildur Smådal	attval for 1 år
<b>Valnemd:</b>	Mari Fleten	leiar (1 å
	Marta Espeland	(ikkje på val)
	Ellaug Haugum	ny (2 år)
Varamedlem:	Lars Sæterdal	(1 år)
<b>Revisor:</b>	Lars Sæterdal	attval (1 år)

Alle val vart gjort samstemmig.

**Førde, 6. mars 2014**

**Björg J. Helle**  
skrivar